



# DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Dato: 12.10.2023

Vår ref: 23/04433-16

Dykkar ref:

## Søknad frå Alver kyrkjelege fellesråd om tilskott til drift og investering for 2024

Fellesrådet sendte hovudsøknad om tilskot til drift og investering for 2024 den 12. mai. Kommunen har bedt fellesrådet sende ein ajourført søknad no i haust. AU til fellesrådet har i møte 6. oktober gjort vedtak om ny søknad.

Dei fleste sakene og beløpa er uendra frå mai, men etter ei samla vurdering er enkelte saker fjerna frå søknaden og nokre beløp redusert. Det er ikkje tatt med nye punkt.

Det er også denne gong tatt med kort tekst om dei einskilde punkta, her kan vi utfylla meir om det er behov. Tala er før indeksering. (Tusen).

	<b>DRIFTSTILSKOT</b>	<b>Beløp</b>
1	Behalde noverande driftsramme + indekstilskot frå 1. tertial +kompensasjon for auke i kommunal indeks for 2024. Auke ramma tilsvarande	24.135
2	Renter og avdrag lån Knarvik kyrkje + auke i renter	3.228
3	Straumstøtte. Som i 2023. Høgare straumkostnad enn basisår	750
4	Vedlikehald kyrker. 4-årig plan + løpande. Justert for høgare prisar	3.500
5	Snøbrøyting parkering v/gravplassar og kyrkjer. Tilskot likt pågåande anbod. Beløp ukjent. (Det er ikkje tilskot til dette i 2023)	

	<b>INVESTERINGSTILSKOT</b>	<b>Beløp</b>
6	Maskinar og utstyr. Lastebil og Riderar (plenklippar)	1.500
7	Gjenbruk av gravplassar + lage heilskapleg 4-årig plan m/kostnader for fleire gravplassar. (Har også fått litt pengar i 1. tertial).	750
8	Forprosjekt utvida gravplass Meland (tidl. plan i Meland kommune). Heile detaljprosessen inkl. veg og gravplass	3.000
9	Namna minnelund (urnefelt) i Knarvik (fekk prosjekteringsmidlar i 1. tertial)	750
10	Lindås gravplass. Oppdatert totalkostnad er kr 22,6 mill. Oppstart 2024?	12.300
11	Tomt til arbeidskyrkje på Frekhaug. I tråd med formell avtale	5.000

1. Behalde noverande driftsramme, og få full kompensasjon for løns- og prisauke. Ramma omfattar både kyrkjeleg drift og gravferdsforvaltninga (sjå m.a. livssynslova § 14 om krav til kommunen sitt tilskot til kyrkja lokalt, og til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg.) I ei tid med aukande kostnader og stram økonomi er kyrkja opptatt av å drive effektivt. Fellesrådet har sett i gang prosessar for å vurdere drifta, men prosessane er tidkrevjande.

Det er viktig at kommunen ser kyrkja si breie samfunnsrolle, og reverserer forslag til 1 mill. kr i kutt frå 2024. Tilskotet må sjåast i samanheng straumstøtta (punkt 3) - som óg er foreslått kutta. Samla vil kommunen redusere driftstilskota med 1,75 mill. kr.

Ei ekstra bekymring kjem med auka i pensjonskostnader frå KLP. I inneverande år aukar pensjonspremien med om lag 1,4 mill. kr, slik at potensialet for driftsoverskot og oppbygging av buffer ser ut til å bli borte. For budsjett 2024 får vi råd om å auke til pensjon med 1 mill. kr (samanlikna med budsjett 2023). KLP skriv at auke i reguleringspremiesatsen bidreg til ei nær dobling av premien. Slik ser pensjonsutgiftene ut til å utvikle seg:

- 2022-rekneskap: 1,75 mill. kr
- 2023-prognose: 3,22 mill. kr
- 2024-prognose: 2,86 mill. kr

Samla fører dette til ei forverring av økonomien på om lag 4,1 mill kr – 1,4 mill kr i år og 2,74 mill i 2024. Fellesrådet har ikkje disposisjonsfond til å handtere store endringar, og budsjettprosessen er svært krevjande.

3. Straumstøtte. For inneverande år har kommunen gitt straumtilskot på kr 0,75 mill. Trass i at fellesrådet har gjort tiltak som reduserte samla forbruk med 20% (i kwh), og installert automatisk varmestyring i alle kyrkjer, har vi behov for straumstøtte også i 2024. Vi minner om at kyrkjene óg blir brukt til gravferder av dei fleste.
4. Vedlikehald kyrkjer. Det er laga ein samla vedlikehaldsplan for alle kyrkjene. Noverande årlege tilskot på 2,5 mill kr til løpande og langsiktig vedlikehald er for lite. Prisane og behovet for vedlikehald har auka sidan planen blei utarbeidd. Vi meiner tilskotet minst bør vera 1 mill kr høgare kvart år, altså kr 3,5 mill.
5. Snøbrøyting. Etter krevjande vintrar med manglande avtale om snøbrøyting, har vi sagt ja til at kommunen i nytt anbod også skal inkludere parkeringsplassar ved kyrkjer og gravplassar. Kommunen må gje eige tilskot til dette, men vi veit ikkje kva beløpet blir. Det er ikkje tilskot til dette no. Truleg vil fellesrådet kjøpe brøytetenesta frå kommunen – for same beløp som tilskotet.
6. Maskinar og utstyr. Driftsavdelinga treng bilar og Riderar (stor plenklippar) til drift av kommunen sine gravplassar. Lang leveringstid. Tidlegare tilskot til utstyr er brukt opp
7. Gjenbruk av gravplassar. Vi meiner det er klokt å lage ein samla 4-årig plan m kostnader for alle gravplassane, og å kunne starte arbeidet på dei gravplassane som hastar mest. Vi er usikre på totalbeløpet, men med ein rest frå tilskotet i 1. tertial og nytt tilskot på kr 0,75 mill. i 2024, så kan vi i alle fall starte på planlegginga.
8. Forprosjekt ny gravplass Meland, og seinare investeringsmidlar. Utbygging blei stoppa då reguleringsplanen ikkje blei godkjent av fylkeskommunen. No er planen godkjent, men det er ikkje plan for vidare arbeid. Etter ønske frå kommunen har fellesrådet spurt to konsulentselskap kva neste steg vil kosta. Det eine anslår at detaljprosjekt for gravplassen med tilhøyrande veg og driftsplass, vil koste om lag 3 mill kr. Det andre seier dei kan koma vidare for om lag kr 0,8 mill (truleg blir då ein mindre del av arbeidet vurdert). Vi er ikkje ekspertar på slikt arbeid, men anbefalar å vurdere heile utbygginga

inkludert vegløyisinga, som fylkeskommunen er oppteken av. (som nemnt før bør kommunen sine egne ekspertar gjere ei sjølvstendig vurdering.)

9. Namna minnelundar er etterspurt, men pr. no er det ingen slike på gravplassane i Alver. I 1. tertial fekk vi tilskot til prosjektering av minnelund. Vi startar på prosjektering i haust, og kan truleg bygge i Knarvik i 2024. Tidlegare er kostnaden stipulert til kr 0,75 mill. pr minnelund, endeleg kostnad vil vi få når prosjekteringa er ferdig.
10. Når det gjelder Lindås gravplass har kommunen spurt etter oppdaterte investeringsbehov, og Akasia Eiendom AS har gjort ei ny vurdering. Estimert totalkostnad er kr 22,6 mill. forutan prosjekt og byggeleiiing. Det er delt på 12,3 mill. kr første året og 10,3 mill. kr andre året. Totalkostnad blir påverka av korleis endeleg plan vil sjå ut. (som nemnt før bør kommunen sine egne ekspertar gjere ei sjølvstendig vurdering.)
11. Tomt til arbeidskyrkje på Frekhaug. I tråd med formell avtale skal kommunen utbetale kr 5 mill. når vilkåra er oppfylt. Det er søkt om dette fleire gonger før, seinast i samband med 1. tertial.

Vi vil óg oppmoda kommunen om å vurdere kommunal refusjon av privat avgift til kremasjon, for å stimulere til fleire kremasjonar/urner. Behovet er forsterka no når fleire gravplassar kan 3 av 3 bli fulle. I fleire andre kommunar gir kommunen støtte pr kremasjon (t.d kr 5.000, som er omtrent det ein kremasjon kostar). Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Med helsing

Tove Sneås Skauge  
Leier fellestrådet

John Fredrik Wallace  
Kyrkjeverje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:

Tove Sneås Skauge	Lonsvegen 9	5914 ISDALSTØ
Alver kyrkjelege fellestråd, John Fredrik Wallace	Lonsvegen 1	5914 ISDALSTØ
Astrid Aarhus Byrknes	Oterhaugane 18 A	5914 Isdalstø

Mottakere:

Alver kommune	Postboks 4	5906 Frekhaug
Alver kommune, Martin Kulild	Postboks 4	5906 Frekhaug